

## Saksprotokoll i Fylkesutvalet - 12.04.2023

**Marthe Hammer (SV)** sette på vegner av SV, Krf, A, MDG, Sp fram slikt forslag:

«Tillegg – nytt punkt 4

Beslaglagt jordbruksareal må kompenserast i vesentleg større grad enn planlagt søkt om og «netto null»- rekneskap etterstrevast i samsvar med nasjonal jordvernstrategi. Så langt råd er skal areal i same arealkategori og same kvalitet for den enkelte grunneigar erstattast med tilsvarende areal, sekundært for landbruket i lokalområdet.»

### **Avrøysting**

Fylkesdirektøren sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Hammer sitt forslag vart vedteke mot 2 røyster (Frp).

### **Vedtak**

1. Vestland fylkeskommune er positive til bygginga av nye Fortun transformatorstasjon. Den nye transformatoren er eit viktig tiltak i arbeidet med å gjere kraftnettet i Vestland meir robust.
2. Vestland fylkeskommune ber om at ein under opparbeiding av tiltak søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m. Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2.
3. Det er viktig at søker tek omsyn til at Fortunselvi er svært flaumutsett, og ikkje gjer tiltak som kan auke flaumrisikoen. Vassmiljøet elles må òg vektleggjast i denne saka.
4. Beslaglagt jordbruksareal må kompenserast i vesentleg større grad enn planlagt søkt om og «netto null»- rekneskap etterstrevast i samsvar med nasjonal jordvernstrategi. Så langt råd er skal areal i same arealkategori og same kvalitet for den enkelte grunneigar erstattast med tilsvarende areal, sekundært for landbruket i lokalområdet.